
KONTAKTBLAD FOR
Nr. 18 Febr. 1995 6.årg.

HJARTDAL HISTORIELAG


Velkommen til
årsmøte i
Hjartdal historielag

-

Nordbø pensjonat
Fredag 10.3 1995
kl. 19.00



ÅRSMELDING 1994



Eit nytt år er over, og vi kan nemne følgande:

Medregna årsmøtet 1994 har vi hatt 4 styremøte, det siste på Greivjord i Tuddal. Vi har behandla 18 saker.

Vi besøkte Tuddal bygdetun 3.juni og fekk mellom anna omvisning på museet.

Vi har engasjert oss i ein debatt om vern av kulturarven i Hjartdal, og saka har også vore på kommunens sakskart. (Sjå kontaktblad 16).

Vi har engasjert oss i spørsmålet om kultursoga - korleis denne praktisk og økonomisk skal kunne produserast. (Sjå kontaktblad 16)

Vi har utgjeve kontaktblad nr. 16, 17 og 18.

Eit par brukte skikkelege arkivskåp er innkjøpte til samlinga. Mykje er omorganisert og rydda opp i i samband med dette. Det er søkt om- og motteke midlar

frå eit legat til ein skikkeleg tilstands-vurdering og oppteikning av Heddal mølle. (Desse pengane står på eigen konto.)

Vi har støtta Hjartdal museums- lag økonomisk i samband med auksjonen på Sud-Åbø. Ein del gjenstander / lausøyre blei kjøpt for å bli verande på garden.

Vi har også produsert eit presen- tasjonsskriv for Hjartdal museums- lag.

Medlemslista vår er på 165 namn, og dei fleste har fornya medlemskapet for 1994.


Datamaskin er endeleg kjøpt inn. Dermed ser vi Tilla og Oles legat frå 1993 som endeleg oppbrukt til svært nyttige tekniske hjelpemiddel. (Kassetbandopptakaren som blei kjøpt i fjor er nå i full bruk i samband med innsamling av stoff til boka om krigen og motstandsarbeidet.)



REGNSKAP 1994

(Samandrag til bruk i årsmeldinga)

TEKST	INN	UT
Saldo 1.1.1994	21.960,30	
Bøker mv. til samlinga		600,00
Kontor/annonser/porto		303,20
Arrangement		500,00
Kjøpt arkivskåp mv.		4351,60
Kontingentar		620,00
Betalt EDB-program - (mottatt i 1993)		1049,20
Gåver/tilskot	4000	
Renter	525,00	
Medlemskontingent	3720,00	
Salg	55,50	
Støtta auksjon (Hj.mus.lag)		3000,00
Sum	30.260,80	10.424,00
Saldo 31.12.1994	19.836,80	



ÅRSMØTET 1994

- Årsmelding
- Regnskap
- Valg
- Eventuelt

-Svein Vetle Trae er i gang med å skrive bok om krigen og særleg motstandsarbeidet i Hjartdal og omegn. Vi har fått han til å ta seg av det faglege innslaget på møtet. Han vil seie litt om bokarbeidet og truleg gje oss nokre “smaksprøver” frå boka.

-Elles spanderar laget kaffe, og det er høve til å kjøpe det ein vil ha og bite i på pensjonatet.


-Vi håpar også på eit musikk-innslag.

Kontaktblad for Hjartdal Historielag blir utgitt av Sekretæren i HHL.

Bladet blir sendt alle medlemmer - deriblant ein del institusjonar.

Det er tillatt å bruke og kopiere stoff frå bladet, men oppgje kjelde !

Bladet er utforma ved hjelp av EDB-programmet MS-Publisher 2.0



HJARTDAL HISTORIELAG

Formann: Torkel Hytta, 3692 SAULAND
Tlf.: 350-23150

Sekretær: Leif Skoje, 3692 SAULAND
Tlf.: 350-23011

Bank: Hjartdal og Gransherad sparebank
Kontonr.: 2699 07 04332